

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

### Uttale

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på å få saka lagt føre seg før politisk handsaming i samferdselsutvalet sidan målgruppa til rådet er store brukarar av ordninga.

Rådet vil igjen nytte moglegheita til å rose administrasjonen for godt gjennomført arbeid, og er særskilt nøgd for at det nå er mogleg å få livsvarig godkjenning, samt at det vert lettare for menneske med psykiske lidingar å nytte seg at ordninga.

Når det er sagt har rådet slike innspel til saka:

Det vert i saka presentert ein maksgrense på brukarar i ein kommune til 3,4% av innbyggjarane. Rådet meiner ordninga bør vere basert på trong, ikkje eit makstak. Dersom det er naudsynt med eit makstak meiner rådet at dette bør vere på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt, da ordninga er fylkeskommunal. I nokre kommunar er det kø for å kome inn i ordninga, mens det i andre kommunar verkar å vere plass, noko som gjerne vert avgjort av demografi og geografi.

Rådet ønskjer derfor å fremje at makstaket vert fjerna, men dersom det er naudsynt med eit makstak ønskjer rådet å fremje at dette gjeld på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt.

Når det gjeld satsane i ordninga er ikkje desse endra nemneverdig dei siste åra. Rådet ser på det som naturleg at desse vert auka for å unngå at ordninga i prinsipp vert innskrenka.

Rådet ønskjer derfor å fremje at satsane vert indeksregulert.

Rådet er elles veldig nøgd med arbeidet som er gjort og ser fram imot til at endringane trer i kraft.